

N o r d b y . på Hovdegard, 86/1, Ål s,p,k, Buskerud.

Reg.nr. F74 1384  
A26 x1

Artikkelen i Dølaminne 1970 gje eit kort oversyn over spørsmålet Nordby.

Etter at søknaden til Riksantikvaren var innsendt, kom Haakon Christie og såg på staden. Han bad om at dersom jordstykket ved den omtala tomta vart plogd på nytt, måtte det sjåast etter om det skilde seg ut flekker i matjordlaget, slik som det skulle ha synt seg i 1954. (Sjå fråsegn frå Ola T. Skarsgard i artikkelen). Underskrivne såg på det nypløgde jordstykket i 1970. Det viste seg då ingen flekker. Dette var vel berre rimeleg etter at jorda var både plogd, horva og gjødsla med husdyrgjødsel i 1954 og sidan lege som eng.

Av andre opplysingar som kan leggjast til i dag har me utsegn om at Engebret Hovdegaard, fødd 1849, fann stokkar i jorda då han nydyrka ved staden der han tidlegare hadde sett merke etter tuft. (Sjå artikkelen). Henrik Berg, fødd 1884 og Lars Brattegard, fødd 1902, som begge lever no, har høyrt Engebret Hovdegaard fortelja dette.

Vidare kan det opplysast at det syner seg å vera eit stort antal jarnvinneplassar og kolmiletomter i åsane rundt bygda. Utan at desse er nøyare registrerte og granska, må ein vel kunne rekne med at spora vitnar om mykje folk og stor aktivitet i denne fjellbygda i tidleg mellomalder.

Ein annan ting som burde sjåast nøyare på er ein gammal velbrukt rideveg langs etter bygda. Vegen syner særleg godt vest for staden der tufta skulle ha vore, og peikar rett mot denne.

Artikkelen i Dølaminne viser til bygdebøkene for Ål og Hol. Det kan kanskje leggjast til at Folk og fortid i Hol bind I, side 105 har eit utsnitt av meldinga frå dei pavelege nuntier i 1328 om kyrkjene i Hallingdal: "Ecclesia de Hol, ecclesia de Hvaal, ecclesia de Torpom, ecclesia de Gord, ecclesia de Aamsodal, ecclesia de Gal-sūc." Her er altså ikkje nemnd nokon ecclesia de Nordby.

22. 4. 1978.  
Ola Ellingsgård.  
35to Ål.